



Og etter rennet var det saft å få.

Den lokale skisesongen 2017 vart avslutta onsdag kveld med Telenorrennet med Uskedal idrettslag som arrangør. I tillegg til å vera arrangør stilte UIL mannsterkt på deltakarlistene. 24 av dei 65 deltakarane kom frå arrangørlaget. Dessutan var det særdeles gledeleg at nesten halvparten av dei 25 som gjekk barneskirennet, var frå Uskedalen. Alle fekk flotte premiar.

Telenorrennet er eit sprintrenn i fristil med løypelengd på 830 meter. Det er alltid stor fart, høgt spenningsnivå og veldig kjekt både for løparar og publikum.

Uskedal idrettslag vil takka alle som hjalp til med avviklinga av rennet, og rettar ei ekstra stor takk til Fjellhaugen AS for løypeprepareringa. På UIL si heimeside finn de veldig mange kjekke bilete frå rennet. Der er også resultatata. Klikk dåke inn [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto frå UIL si heimeside.